

### Populær loppemarknad

Tradisjonen tru arrangerte Bø skulemusikk loppemarknad på Bø skule rett etter skulestart. Sist helg tok igjen mange turen innom for å finne seg små eller store skattar. Loppemarknad-general Sverre Jacobsen fortel at ein i år omsette for cirka 168.000 kroner. I fjor var det rekordår med einomsetnad på 174.000 kroner.



### Møte i utval for oppvekst og kultur

Utval for oppvekst og kultur (OK) har sitt første møte etter ferien i morgon. Møtet startar med orientering om kulturplan, idrettsplan, økonomi og oppfølging av tilsyn ved Bø skule. På sakslista står blant anna organisering av Telemark fylkesbibliotek, overføring av driftstilskot og ansvar for drift av Bø lokalhistoriske arkiv til Bø Museum.

### Kommunereforma

Kommunane Bø, Sauherad, Seljord og Nome er i gang med forhandlingar om ei eventuell samanslåing. Bø kommune legg ut informasjon om forhandlingane på heimesida si.

# Seljord vil ha Bø, Nome vil



## KOMMUNEREFORMA

**Om Seljord blir ein del av ein kommune i Midt-Telemark ser dei det som naturleg med kommunesenter i Bø. Det er ikkje aktuelt for politikarane i Nome.**

*Tekst og foto: Aslak Ringhus, Vest-Telemark blad*

Etter å ha sete i diskusjonar med Nissedal og Kviteseid måndag, var forhandlingsutvalet i Seljord onsdag sist veke klart for å kikke mot Midt-Telemark. Målet for møtet på kommunehuset i Seljord var å kome vidare i forhandlingane om ei intensjonsavtale mellom dei fire kommunane Seljord, Bø, Nome og Sauherad. Det var andre møtet i forhandlingane, og hovudfokus låg på strukturering av kommunen, og kvar hovudadministrasjonen skal ligge.

Observatør på vegner av fylkesmannen, Per Dehli, gjorde før forhandlingane starta greie for dei tre ulike strukturane som Telemarksforsking har utarbeidd for samanslåingar: Ein sentralisert (samlokaliseringssmodellen), ein delvis sentralisert (funksjonsstyringsmodellen) og ein desentralisert modell.

### Ta vare på pendlarane

Jan Thorsen (Sp) frå Nome var den fyrste som tok ordet.

– Ordførar og rådmann treng å ha fagfolk rundt seg i styringa. Derfor meiner eg det er best å gå for ei løysing der me har eitt senter der hovudadministrasjonen

og einingsleiarane er samla.

– I ei eventuell samanslåing må me smøre maskineriet. Me kan ikkje samle alt av administrasjon for heile den nye kommunen på eitt kontor, det fungerer ikkje for innbyggjarane i praksis. Me må fordele det utover, kontra Olav Kasland (V), ordførar i Bø.

Trond Johnsen (Ap) frå Seljord sa seg delvis einig med Thorsen.

– Me må finne eit midtpunkt, til dømes Bø eller Gvarv. Men me må òg hugse på å ta vare på arbeidstakarane, spesielt dei som pendlar frå ytterkantane i kommunane, dei må sleppe å pendle åtte, ni mil. Eg trur det viktigaste for folk i Seljord er at skulane blir der dei er i dag, at kulturhuset er i drift og at det er vatn i symjebassenget. Og sjølv om det sikkert blir noko brudular her, så trur eg folk taklar at administrasjonen ligg ein annan stad, sa Johnsen.

– Eg synest ikkje avstandane her er eit veldig stort problem. Det er mange som er vande med å pendle ut av kommunen uansett. Sjølv har eg no hytte i Åmotsdal, og dit er det veldig greitt å køyre, vegen er ikkje så dårleg, sa Seljord-ordførar Jon Svartdal, til latter frå både utvalet og tilhøyrarane.

Han fekk støtte frå ordførar Hans Sundsvalen (Ap) i Sauherad.

– Om ein samanliknar så tek det ikkje stort lengre å køyre seks mil her enn det tek å køyre to i Oslo. Ein må ta med andre faktorar enn avstandar i utrekninga, sa han.

Ordføraren i Nome, Bjørg Tveit Lundefaret (Ap), tok òg til orde for ein mindre sentralisert struktur.

– Me kan ikkje flytte ting langt vekk frå Nome, då får me aldri innbyggjarane med på det, sa ho, og fekk støtte av varaordførar Hans Jørgensen (H).

Like etter lunsj konkluderte Svartdal med at kommunane var samde om å gå for funksjonsstyringsmodellen, der ein har ein hovudadministrasjon ein stad, medan dei andre etatane har kontor fordelt andre stader.

### Seljord fornøgd med Bø

I tillegg til strukturen, skulle òg den geografiske plasseringa av ordførarsetet bli diskutert. Svartdal tok på vegner av Seljord til orde for Bø. Noko Thorsen tok til motmæle mot. Han ville ha administrasjon, rådmann og ordførar til Nome.

– Det er ei umogleg løysing. Me kan ikkje ha ei sentralisert løysing der alt ligg i Nome. Det kan me ikkje kvittere for i dei andre kommunane. Reint geografisk er det Bø som er midtpunktet, det er mest naturleg å legge det til Bø. Dette er veldig viktig for oss, me er viljuge til å forhandle om så å seie alt anna, men dette er me opptatt av i Bø, utan at eg skal vere heilt bastant, svarta Bø-ordførar Kasland.

### Ikkje ut av Nome

– Eg er for så vidt samd med Jan (Thorsen) om at Nome er det beste alternativet for senteret, sjølv om eg ikkje meiner at heile administrasjonen skal vera i eitt rådhus. På den andre sida



blir det veldig rart om det berre er ordførar og rådmann som skal gå på rådhuset, så ein stab er det naturleg at blir med. Noko anna enn rådhus i Nome blir veldig vanskeleg for oss å selje inn. Nome er den største kommunen, slik er det berre, sa varaordførar Jørgensen.

– Rådmannen må då kunne administrere utan at staben sit i naborommet. Om ein ser til privat sektor klarer ein jo å styre avdelingar frå den andre sida av jorda. Om rådmannen sit til dømes i Bø og ikkje klarar å sty-

re tilsette i Sauherad, må me få ein ny rådmann trur eg, spøkte Sundsvalen, til latter frå tilhøyrarane.

Det blei bede om ein rapport frå rådmennene om kva storleik ein eventuelt treng på staben i kommunehuset.

I tillegg til struktur og senter blei det òg diskutert namn, Bø blei føreslått av Thorsen, men Lundefaret meinte dette blei for vanskeleg å selje inn i Nome. Til slutt kom dei fram til at arbeidstittelen skulle vera Midt-Telemark.

# Fekk tilbakemelding frå tillitsvalde

**Hovudtillitsvalde og hovudverneombod frå dei fire kommunane kom med innspel til forhandlingsutvalet sist veke.**

Etter forhandlingsmøtet i Seljord, var det dialogmøte mellom forhandlingsutvalet og referansegruppa som er sett saman av

hovudverneombod og hovudtillitsvalde frå kommunane Bø, Sauherad, Nome og Seljord.

Ifølgje referatet frå dialogmøtet hadde referansegruppa følgjande tilbakemelding til forhandlingsutvalet:

- Det er viktig at retningslinjer for omstilling vert fylgd gjennom heile prosessen.
- Det bør gjerast grundige

vurderingar ut i frå eit HMS-/arbeidsmiljøperspektiv før ein vedtek endring i lokalisering av tenestene.

- Avstand/reiseveg blir ikkje sett på som eit problem.
- Forhandlingsutvalet bør i større grad evne å tenkje ein kommune framfor kva ein kan halde på i nåverande kommune.
- Forhandlingutvalet bør ha

eit fag- og innbyggjarfokus framfor eit gje- og ta-fokus.

- Lokaliseringsspørsmålet får for stor plass.
- Vil eigenleg forhandlingsutvalet ha kommunesamanslåing?
- Det er viktigare med gode lokale leiarar enn kor kommunalsjefen har sitt kontor.
- Forventning om at det blir lita endring for dei som arbeider

i den direkte tenesteytinga.

- Forventning om tydelege og handlegkraftige politikarar
- Det er viktig at det blir tatt høgde for "pukkelkostnader" (gjennomføringskostnader).
- Tilbakemelding om nyttig og interessant møte.
- Ynskje om meir informasjon ut i organisasjonen.